

# ÅRSMELDING 2017

## VALLDAL IDRETTSLAG

### Styret 2017 -

Einar Hoel	leiar
Anders Rem	nestleiar
Trond Håvoll	kasserar
Liv Marit Indreeide	skrivar
Monica Nystøyl Henden	styremedlem, ansvarleg klubbhus
Kenneth Hovden	leiar fotballgruppa
Børge Heggen Johansen	nestleiar friidrettsgruppa
Jan Ole Fuglem	leiar skigruppa
Ida Kristoffersen Rem	leiar trimgruppa
Richard Moen	leiar disksport
Harald Vestre	1. varamedlem
Anita Wolsdal Hjelme	2. varamedlem

### Styrearbeid -

Det har vore gjennomført 8 styremøte i 2017 og behandla 43 saker. Oppmøte til styremøte er godt og det er eit godt samarbeid i styret. 1.varamedlem er alltid innkalla til styremøte.

På årsmøte i 2017 vart det vedteke å melde Valldal IL inn i Norske Amerikanske Idretters Forbund, avd disksport. Det vart også vedteke å opprette ei eiga gruppe for disksport i Valldal IL og styret i laget vart utvida med eit medlem frå disksport.

### Medlemmar –

For 2017 er det registrert 279 betalande medlemmar. Dette er ein bra auka i forhold til 2016, men framleis har laget ikkje eit medlemstal på nivå med det som var før overgang til Klubbadmin for medlemsregistrering Klubbadmin gjev god oversikt over medlemsmassen, det gjev gode mulegheiter for fakturering og oppfølging av krav, men alle funksjonar er ikkje like brukarvennlege. Det er framleis ein del utfordringar med systemet sjølv om det skjer ei gradvis utvikling frå idrettsforbundet.

Det har vore diskusjon i styret om medlemskap; om krav til betalt medlemskontingent. Alle som deltek aktivt for Valldal IL i fotball, ski, friidrett, osv skal vere medlem. Spørsmålet har vorte meir aktuelt etter at idrettshallen kom til. Det er tilbod om trim, badminton, open hall og det er ikkje alle som deltek som er medlemmar i Valldal IL. Deltakarar på desse vert oppmoda om å vere medlemmar, men det er vanskeleg med tvang eller nekte deltaking. Det kan samanliknast med lysløypa, fleire nyttar også den, utan å vere med medlem i laget

## Representasjon –

Anders Rem sit i styret i Norddal Idrettsråd.

Øyvind Hoel var Valldal IL sin representant i gjevargruppe for utstyr i Martin Linge huset.

Denne gruppa er no oppløyst.

Valldal IL har delteke i dialogmøter for frivillige lag i Norddal kommune

## Bygg og anlegg-

Det har i 2017 ikkje vore den same aktiviteten på anleggsida som dei føregåande åra.

### Kunstgrasbana

Bana vart teken i bruk hausten 2015 og har vorte eit viktig bidrag til aktiviteten i fotballgruppa. Det viser seg at ved store nedbørsmengder eller snøsmelting fungerer ikkje dreneringa langs bana godt nok. Vatnet går ikkje fort nok ned og det vert overvatn langs sidelinjene og dødlinja i nordenden av bana. Det er konstatert at topplaget under kunstgraset er for tett. Planen var å gjere tiltak sist haust med å ta ut toppdekke og legge tilbake drenerande singel i kantane av kunstgraset, men grunna verforholda vart det ikkje muleg. Dette arbeidet vert gjort våren 2018.

Rekneskapet for kunstgrasbana vart avslutta i 2017. Anleggskostnad vart kr 4.219.000 inkl mva kr 728.570 og dugnad kr 509.385. Totale kostnader med renter for mellombels finansiering og diverse gebyr vart kr 4.420.633.

I 2017 vart det utbetalt spelemidlar frå Møre og Romsdal Fylkeskommune med kr 1.391.000 og tilbakebetalt mva med kr 728.570. Det er tidlegare utbetalt tilskot frå Norddal kommune på kr 985.000. Valldal IL og Valldal IL fotballgruppa har bidrege med eigenkapital på om lag kr 310.000. Anlegget er gjeldfritt.

### Valldal stadion

Det var plan å gjere tiltak på grasbana hausten 2017, m.a. med sprøyting av ugras og deretter såing våren 2018. Grunna vanskeleg verforhold sist haust måtte dette utsettast.

Det er også vanskeleg å halde løpebaner fri for ugras, trass jamnleg slådding. Også løpebaner bør sprøytast for ugras, men det krevst ein god del arbeid for halde desse i orden.

### Klubbhuset

Klubbhuset vart ferdig måla utvendig i 2017. Nokre kveldar med dugnad og stillas frå Valldal Bygdeservice gjorde at det gjekk radig unna. Ressursgruppa har også gjort ein god jobb med måling av vegg og overbygg mot Valldal stadion, i tillegg til garasjeport, inngangsdør til kjellar og karmar til vidauge i kjellaren. No bør huset vere godt bevart for mange år framover. Alle bygga rundt stadion og løype har vorte måla dei siste åra.

Klubbhuset vart teke i bruk i 1989. Ein har i lengre tid sett behov for innvendig oppussing. Kjøkken, toalett og gang i hovedetasje vart renovert i 2013 i tillegg til at det vart laga overbygg over inngangsparti. I arbeidsplan for 2017 var oppussing av salen eit tiltak og styret gjorde vedtak om oppussing i september. Dette omfatta nytt golv, måling av veggjar i sal og gang, lyddepande plater i taket og nytt lys i sal og gang. Kostnad kr 135.000. Ei gruppe med Anders Rem, Monica Henden, Torgeir Sunde og Silje Grønning stod i spissen for gjennomføringa. Om lag 350 timar med dugnadsarbeid vart utført i tillegg til oppussing vart det kjøp inn 15 nye bord og 90 nye stolar, pris kr 70.000. Arbeidet var ferdig til desember og det var ”nyopning” av klubbhuset 7. desember. Oppussinga har fått mange gode tilbakemeldingar.

### Lysløypa

Arbeidet med omlegging av lysløypa inn mot stadion og eit mindre skileikområde vart i stor grad utført i 2016. Sist haust vart det gjort nokre mindre justeringar etter erfaring frå førre vinter. Anlegget er no ferdig og godkjent. Skiløypa har ein kostnad på kr 300.000. Dette vert finansiert med 1/3 spelemidlar, 1/3 frå Norddal kommune og resten på Valldal IL, ma dugnad. Det er også søkt om refusjon av mva, om lag kr 70.000 som dekker mykje av laget sin del. Kostnad for skileik er kr 90.000, der 50 % vert dekt av spelemidlar til nærmiljøanlegg.

### Trakkemaskingarasjen

Loftet på trakkemaskingarasjen har fått golv og er no eit godt og eigna lager som særleg fotballgruppa vil kunne nytte seg av.

### EMIT tidtakarsystem

Det vart kjøpt inn ein forenkla tidtakarstasjon som kan brukast i EMIT systemet som laget eig. Den kan brukast for å ta mellomtider eller ved målgang. Den er lett å ta med og sette opp og er godt eigna t.d. på Mefjellet. Pris kr 30.000, men laget fekk tildelt spelemidlar som dekker 1/3 av kostnad

### Ressursgruppa

Også i 2017 har ressursgruppa vore aktiv og utført mange og nødvendige oppgåver. Dette er ei gruppe med personar med arbeidslyst som møtes ein gong i veka på Valldal stadion. Det vert sett opp liste med ulike oppgåver som kan gjerast. Av oppgåver som er gjort i 2017 kan nemnast gjerde ved trakkemaskingarasje, diverse måling på klubbhuset, beising av golv ved inngangsparti på huset, slått og rydding og mange fleire. Det er ikkje alltid dei store og synlege arbeida, men det er likevel sært viktig for å halde anlegg i stand. I tillegg til å arbeid er det sosiale også viktig for gruppa, men som dei også uttrykker "Det er plass til fleire". Valldal IL vil rette ei stor takk til ressursgruppa for det kvar enkelt av dei har gjort for laget i 2017.

### Idrettsskulen

Det har ikkje vore idrettsskule i 2017. Det viser seg å vere vanskeleg å få nokon å ta ansvaret for dette tilbudet i tidsrommet som er aktuelt på ettermiddag.

### Open hall

Det har vore tilbod om å bruke idrettshallen på fredagar frå kl 19.00 og 2-3 timar utover for ungdom i vidaregåande alder og oppover. Det er ulike aktivitetar som ungdommen sjølv styrer og det er ei forelder-/voksenvakt tilstades. Oppslutninga har vore litt varierende.

### Nettside

Nettsida [www.valldalil.no](http://www.valldalil.no) er brukt både som informasjonskanal, men også for å omtale aktivitet i laget og ulike grupper. Det er Facebook-grupper for ski, fotball, og trim, friidrett og disksport for informasjon

### Tilsette –

I 2017 har Julie Heggen vore tilsett reinhaldar på klubbhuset. I tillegg er det avtale med Anders Rem om tilsyn og forefallande arbeid på klubbhuset. Det er lønna personar for vedlikehald og stell av kunstgras- og grasbane, og sjåførar til trakkemaskin.

Rekneskap vert ført ved Norddal Rekneskapskontor AS.

### **Klubben i mitt hjerte**

Kvart år har NIF og Dagbladet ei avstemming om "Klubben i mitt hjerte". Dette går over 10 dagar med dagleg stemming på "mitt lag" og trekking av vinnarar. Mange gav si stemme til Valldal som medførte vinnar av ein dagspremie på kr10.000.

### **Bygdemobilisering**

Landbruksavdlinga hos Fylkesmannen har ei støtteordning med "bygdemobiliseringsmidlar" for å skape engasjement og utvikling i bygdesamfunnet. I samarbeid med lokalt HoppID kontor søkte Valldal IL om støtte til eit tre-årig prosjekt "Valldal i hundre" med ulike tiltak og samarbeid med lokale aktørar fram til 2019 når laget er 100 år. Det vart avslag på søknaden då vårt prosjekt ikkje var heilt i tråd med intensjonen i ordninga.

### **Arrangement -**

Marknaden var lagt til kultursalen i Martin Linge huset først i april. Arrangementet er ei god inntektskjelde for laget og overskot i 2017 var i overkant av kr 40.000. Det var åresal, tombola, lister, pilkast og premieutdeling frå Valldal Liabygda cup på ski.

Olsok og Mefjellet opp er også årvisse arrangement. Som vanleg var mange i aksjon og hjalp til, men slutten av juli er ferietid og ein del har ein hektisk arbeidsperiode, slik at det kan vere krevjande å få saman arbeidslistene. På olsoklaurdagen var det som vanleg flott ver og stor oppslutning frå publikum. Totalt ga desse arrangementa om lag kr 140.000 i netto inntekt. Kr 56.000 av dette er overført til gruppene.

Det vert vist til gruppene sine årsmeldingar om deira aktivitetar og arrangement.

### **Økonomi –**

Samla rekneskap for 2017 viser eit overskot på kr 224.562. Dette kjem i hovudsak av eit svært godt resultat i fotballgruppa. Elles har gruppene og hovedstyret om lag balanse i sine rekneskap

Valldal IL fekk i 2017 kr 36.507 frå Grasrotandelen, Norsk tipping. Kulturmidlar frå Norddal kommune utgjorde kr 7.600 ein betydeleg nedgang, og lokale aktivitetsmidlar, som er eit statleg tilskot til idrettslaget utgjorde kr 30.590. Laget fekk om lag kr 65.000 i mva kompensasjon på drifta i 2017.

Samla inneståande på konto pr 31.12.17 var 688.411. Kortsiktig gjeld utgjorde 64.021. Det vert elles vist til rekneskapet for 2017.

Også i 2017 mista Valldal idrettslag mista ein trufast hjelpar. Kjell Hoel døyde brått i april. Kjell stod i førarsetet under bygginga av Valldal stadion og gjorde ein svært stor innsats. Han var også viktig ved bygging og utviding av skiløyper og andre anlegg og vart ofte brukt anten det var spørsmål om råd eller arbeid som skulle utførast.

Til sist vil vi takke alle som støttar Valldal Idrettslag. Svært mange firma og andre, både lokalt og i regionen, stiller opp når det er spørsmål om sponing, annonser, gavepremiar eller anna hjelp. Dette er særst viktig for å kunne drive eit idrettslag. Vi vil også takke kvar enkelt som stiller opp for idrettslaget og idretten i Valldal. Dette gjeld alle som har teke på seg verv i

styre og grupper, leiarar og trenarar, dei som står i kiosk og kafe, dei som organiserer og hjelper til på arrangement og utfører større og mindre oppgåver. Kvar og ein er viktig for at idrettslaget skal fungere.

Valldal 31.12.17/21.3.2018


Valldal IL - styret

Einar Hoel   Anders Rem   Trond Håvoll   Liv Marit Indreide   Monica Nystøyl   Henden  
Kenneth Hovden   Børge Heggen Johansen   Jan Ole Fuglem   Ida Kristoffersen Rem  
Richard Moen

## ÅRSMELDING 2017

### VALLDAL IDRETTSLAG-DISKSPORT

Vi har hatt puttetrening i hallen på måndagar kl. 18.00 – 20.00 gjennom heile vinteren. Det har variert frå 2 til 8 innom treningane. Dei første uoffisielle rundane ute på Jemtegård Diskgolfbane var allereie 3. februar. Der fekk vi også sett korleis naturkreftene kan herje. Korga på #5 var nemleg tatt av jordras etter mykje regn i desember. Hol #5, #6 og #7 blei difor stengt på ubestemt tid. Ein god innsats av Svein Magne og Tore Jemtegård sørger for at korga blei retta opp og sett i bruk i løpet av sesongen. Ole Sander Ytterli hadde ideen med å plassere korga på ein stor stein og Henrik og Runar Engeseth Andersen sørger for solid forankring. Det har elles vore gjort ein solid dugnadsinnsats med å få stelt i stand området, både med gravemaskin, motorsag og handmakt.



27. mars flytta vi måndagstreningane ut, då det var lyst til ca. kl. 20.00.

Fredag 7. april var vi i gong med årets første Vekas runde, og det med heile 16 frammøtte. Og for ein pangstart! Henrik starta like godt sesongen med ace på kioskholet og Runar med eagle på *traktorvegen*. Eirik Lødøen vann forresten første Vekas runde med fire under par (-4). Vi bestemte oss for å køyre ein variant med 12 hol og par 39 for månadane april, juni og august. Mai, juli og september hadde vi ein annan variant med 12 hol og par 39.

Påskeaften, laurdag 15. april, hadde vi for første gong **Påskegolf**. Første runde gjekk vi 9 hol med 2-disk og andre runde 9 hol vanleg. 15 personar møtte opp, blant anna tre frå Langevåg og ein frå Geiranger/Volda. Jostein Håland vann framføre Knut Håland. Runar var beste valldaling på 3. plass.

Fredag 29. april sette vi **damerekord** på Vekas runde. Då møtte det opp fem flotte og engasjerte damer. Så mange damer har vi aldri hatt på Vekas runde før, men det framtidige målet er sjølvsagt enno fleire.

**Vårslepp** gjekk som alltid første helga i mai, denne gongen laurdag 6. mai. 20 påmeldte sørger for god stemning og Agnieszka Jemtegård sørger for godt utval i kiosken. Konkurransen gjekk over 2 x 15 hol par 49 med ein 4-holsfinale for dei fire beste. Det blei vist kasting på svært høgt nivå denne dagen. Etter første runde leia Andreas Havnegjerde frå Langevåg med -11. Runar (-7), Marius Urke (-6), Jonas Tangen Hoff (-4) og Per Jomar Nerli (-4) følgde på dei neste plassane. Eirik sette for øvrig ein nydeleg ace på #8! I andre runde gjekk Andreas utrulege -13. Dette førte han langt framom resten av feltet med totalt -24. Runar heldt grepet om andreplassen (-12) føre Jonas (-10). Robert Hammer (-9) spelte seg inn i finalefeltet. Rett utføre finalefeltet hadde vi Øyvind Jarnes (-8), Richard Moen (-7), Tore Bjørnstad (-6), Marius Blindheim (-6) og Eirik (-6). I finalen sneik Robert seg føre Jonas, og tok 3. plass bak Runar på andre og Andreas på første.





Mai var også ein annan milepæle. Vi gjekk over til å bruke **Discgolfmetrix**, ein nettstad for påmelding, skårregistrering og resultatføring. Gruppene registrer skåren sin ute på runden og ein kan følgje med frå kvar som helst på jorda korleis det går. Sidene blir oppdatert kvart 30. sekund og fleire følgde med undervegs på rundar og turneringar.

Vi har tidlegare hatt **klubbmeisterskapet** i slutten av september, som ei avslutning på sesongen. I 2017 prøvde vi med søndag 21. mai, i håp om å få fleire deltakarar. Det gjorde i grunnen ingen forskjell, men 12 deltakarar møtte i alle fall opp. Spelarane gjekk 2 x 12 hol. Første runde blei dominert av Eirik (-6) og Richard (-5) framføre Ole Sander (-3). Eirik kunne dessverre ikkje vere med på andre runde. Richard blei dermed klubbmeister (-11), mens Bjarte Lilleås Grønningsæter og Runar delte andreplassen (-1).



9.-11. juni stilte Valldal IL Disksport med to representantar til **EuroProTour** på Sula. Dei var sjølvstøtt ikkje favorittar, men fekk i alle fall oppleve topp spelarar som Seppo Paju og Will Schusterick. Richard og Runar var ganske jamne og hamna på 57. og 58. plass. Runar hadde i tillegg hovudrolla i turneringas beste biletserie tatt av P.A. Måseidvåg.



Laurdag 12. august arrangerte vi årets høgdepunkt, **Jemtegård Open**. Totalt 23 deltakarar fordelte seg på 18 i open og 5 i amatørklassa. Vi spelte 2 x 17 hol for begge klassene og ein finalerunde på 5 hol for dei 4 beste i open. Etter runde 1 var det jamt og med ein lokal helt i leiing. Eirik leia med -7 føre Knut og Marius Urke på -6 og Andreas, Richard og Egil Gresdal på -5. Ole Sander hadde ace på #8 denne runden. Etter andrerunden var det delt i teten mellom Eirik og Knut på -14. Andreas låg hakk i hel med -13. Det blei ein tøff kamp om fjerdeplassen og Richard (-10) fekk til slutt denne finaleplassen føre Marius (-9), Robert (-8) og Egil (-8). Finalespelet blei nervepirrande for heimehåpa og det blei til slutt Knut (totalt -18) som vann turneringa. Andreas (-14), Richard (-10) og Eirik (-9) følgde deretter. Knut Håland blei seinare noregsmeister for junior. I amatørklassa vann Svein Magne (+9) føre Per Jomar (+20) og Terese Jemtegård Moen (+30).



Valldal IL var også i 2017 representert i **Norgescupen** og **NM**. Richard stilte i klassa master (40 år +) og fekk med seg to sjuandeplassar. Den første sjuandeplassen var i NC1 i Skien, der han etter to rundar låg heilt oppe på ein tredjeplass. Den andre sjuandeplassen var i NC3 i Trondheim, der han låg på nest sisteplass etter to rundar. Totalt enda han på 8. plass i NC. I NM på Hamar gjekk det ikkje så bra og han enda på 18. plass.

Fire personar representerte Valldal IL i **PCS Open** på Øverås. Eirik blei beste valldaling med ein 32. plass. Runar hamna på 36. plass, Henrik på 38. plass og Sander Løvdøen på 64. plass.

**Vekas runde** blei avslutta 29. september og det har vore deltaking på alle dei 26 rundane. Eirik vann samanlagt føre Richard, Runar og Hogne Grønningsæter. Av dei med 5 eller fleire rundar, var det Tor Erik Jarvik og Linda Løvdøen som vann uttrekksdiskar. Her er litt fakta:

- Det var 49 spelarar innom i løpet av sesongen.
- Dei ivrigaste var Ole Sander (24 gongar), Hogne (21) og Bjarte (20).
- Det deltok færrest 5 og flest 22 spelarar.
- Gjennomsnittet av deltakarar var 11 spelarar.
- Vi har registrert 298 enkeltresultat med totalt 12 631 kast.

Richard deltok på **klubbleiarmøte** på Gardermoen 9.-10. desember arrangert av DiskSPORT Norge, som er ein del av Norges Amerikanske Idretters Forbund (NAIF). Der blei det blant anna diskutert om norgescupens utvikling og Diskgolfmetrix (Metrix). DiskSPORT Norge har slitt med å få klubbar til å arrangere norgescup og det kjem til å bli laga brukarhandbok for gjennomføring og krav til NC. Då blir det meir konkret og lettare å sjå kva som skal til for å arrangere ein sli turnering. Klubbane er einige i å bruke Metrix vidare. Der vil vi kome med fortløpande ynskje til utvikling av systemet.

Avslutningsvis er det viktig å nemne at vi no er ei eiga **gruppe** i idrettslaget. Vi var i 2015 og 2016 ein del av trimgruppa. Vi heiter offisielt Valldal IL DiskSPORT. Ordet diskSPORT er valt fordi frisbee eigentleg er eit registrert varemerke, men også for å opne døra for eventuelle andre greiner som blant anna ultimate. Historias første styre bestod av Richard (leiar), Terese (kasserar) og Hogne.

Mvh  
Richard Moen  
Valldal IL DiskSPORT



# ÅRSMELDING 2017

## VALLDAL IDRETTSKLAG-FOTBALL

Styret har vore slik samansett:

- Kenneth Hovden (leiar)
- Torkjell Døving (kasserar/nestleiar)
- Anett Helen Steinnes (styremedlem)
- Tom Erik Hjelle (styremedlem)
- Ann-Kathrin Overå Høihjelle (styremedlem)
  
- Vara 1: Torgeir Sunde
- Vara 2: Solveig Heggen

Arbeidet har vore fordelt slik:

Kenneth: Leiar, Annonser programblad, Fairplay-koordinator, Stadionskilt, Ferjekort  
Torkjell: Kasserar/Nestleiar (fakturering og betalingsoppfølging), Påmelding 2017, Tine  
Fotballskule sjef, Innhald Programblad  
Anett Helen: Skrivar, Cup General, Materialforvaltar, Kioskansvarleg, Draktansvarleg  
Tom Erik: Annonser programblad  
Ann-Kathrin: Materialforvaltar, Kioskansvarleg, Draktansvarleg  
Anders Rem: Drift av baner, Dommaransvarleg, Dommar, Dugnadsansvarlig m.m  
Marius Moe: Trenarkoordinator  
Amund Sunde: Ungdomsrepresentant

Det har vore fordelt arbeidsoppgåver til foreldra ved dei ulike arrangement vi har hatt.

2017 har vore eit aktivt år for både styre, foreldre og spelarar. Det er første året vi har hatt moglegheit å ha full aktivitet både sommar og vinter.

Vi hatt fleire arrangement enn tidligare år, og dette har vore bevisst frå styret si side. Vi gjorde vedtak på å heller ha inntektsbringande sportslig aktivitet, enn lodd/ kalendersal og sal av hushaldnings relaterte artiklar m.m. Dette viser og igjen i økonomien, høg aktivitet gir og høgare inntekter til laget.

Vi har hatt seks styremøter i løpet av året. I tillegg har det vore hyppig kontakt på styret si facebook-gruppe og pr. e-post.

Vintersesongen trenar vi for fullt i idrettshallen i Martin Linge Huset. Alle laga våre har no eit treningstilbod der i vinterhalvåret. I tillegg gir det oss muligheit å arrangere futsalturneringar i idrettshallen. G14 fekk arrangere 2 turneringar der vinteren 2017.

Utesesongen på stadion startar så snart kunstgrasbana er snøfri. I 2017 var det lagt ned ein bra stor jobb for å måke bana fri for snø til «Påske Kick-off». 1 av 3 dagar greidde vi å arrangere på KGB, før vergudane tvinga oss inn igjen i idrettshallen. Likevel var barna og instruktørane strålande fornøgde .

11 lag var påmeldt i sesongen 2017, og disse var: G6/J6, G7/J7, G8, J8, G10, G12, J13, G14, J14, G16 (vårsesongen) og Senior Herre 7ér. Laga opp til og med 10 år spelte miniturneringar og laga frå 11 år og oppover spelte seriespel.

Vi arrangerte ei svært vellykka stor miniturnering 12-13juni ( der over 40 lag deltok) , i tillegg arrangerte vi 2 mindre miniturneringar.

12-14 August arrangerte vi Tine Fotballskule, for 60 born i alderen 6-12 år.

G15/16 deltok i 2017 på Norway Cup, G12 deltok på Seljecup, ellers har Valldal sine lag delteke på ulike cup'ar rundt om på Sunnmøre.

Vi arrangerte for 2. år på rad «Julegrendaturnering» i MLH

G12 og G14 har vinteren 2017/2018 delteke i futsalserien. G12 har og arrangert turnering i MLH, denne var gode inntekter på.

I desember på Fotballgallaen til Sunnmøre Fotballkrets, var Valldal nominert til årets Tine fotballskulearrangør og årets beste arrangør av mini turneringar. Og jammen vant vi på begge nominasjonane. Vi fekk både heider og ære, og pengepremiar i belønning.

Vi held fram med klubbavtalen vi har med B.Rognve Klubb som gir oss gode rabattar ved kjøp av utstyr og drakter. I kickback får vi årlig ta ut varer for kr 15 000,- I 2017 valgte vi å bruke det på futsalballar, keeperhanskar, og div anna småutstyr.

Fotballgruppa har i 2017 investert i fleire nye 5år og 7år mål, vi har no nok mål til både trening og arrangement. Alle måla som er kjøpt inn dei siste åra, er handla lokalt på Simek AS i Stordal.

Her ei oversikt på kva som generer inntekter til fotballgruppa

- Sal av reklameplass ved kunstgrasbana på Idavollen
- Sal av annonser i programbladet
- Inntekter KickOff Fotballskule i påska
- Inntekter Miniturneringar på stadion
- Inntekter Tine Fotballskule i sommar
- Kiosksal cupar og heimkampar
- Treningsavgift for spelarane
- Inntekter Julegrendaturnering
- Fordeling inntekter frå Olsokarrangement

Vi har og fått tildelt midlar og gåver frå hovdesponsorane som i 2017 var

- Sparebanken Møre , Drakter og anna sponing
- Hovden Bygg AS , Kr 10000

Årsplanen for 2018:

Vi vil fortsette med inntektsbringande aktivitet, og vidarefører Tine Fotballskule og Grendaturnering i romjula. Det blir ingen påske kickoff, grunna at påska kjem tidlig i år og vi har store snømengder liggande på stadion. Grunna omlegging av miniturneringar frå Sunnmøre Fotballkrets, der dei ønsker cupar med 60-90 lag, har vi ikkje søkt om å halde dette

i 2018. Vi har ikkje parkeringskapasitet rundt stadion til å ta imot opp mot 600-1000 spelarar + foreldre .Vi vurderar ein bingo til hausten, som rundar av 2018 sesongen. Vi har som mål og selge inn fleire reklameplassar på stadion, og fleire annonser til programbladet.

På vegne av styret takkar vi spelarar, foreldre, publikum og sponsorar som har vore med å halde aktiviteten oppe, og vi ser fram til nye oppgåver i fotballåret som allerede er godt igang.

Valldal, 14.03.18 Kenneth Hovden, leiar i fotballgruppa, Valldal IL

# ÅRSMELDING 2017

## VALLDAL IDRETTSLAG- FRIIDRETT

Styret i friidrettsgruppa har siste året hatt følgjande samansetjing:

- Magne Eivind Glomnes, leiar
  - Børge Heggen Johansen, nestleiar
  - Jacek Wilczura, kasserar
  - Cathrine Berli, skrivar
- Ann Kristin Godø Hoel og Øyvind Reiten har vore varamedlemar.

Det har berre vore eitt styremøte i 2017, elles har det vore kontakt via e-post/messenger. Leiar har også vore i kontakt med naboklubbane om friidrettscupen og eventuelt felles treningsstemner. Storfjordstemnet vart ikkje arrangert i 2017 grunna dårleg oppmøte tidlegare og liten interesse frå naboklubbane. Friidrettscupen vart arrangert på same måte som tidlegare. Mefjellet opp og Jordbærdilten vart arrangert og ligg på terminlista til friidrettsforbundet.

### **Arrangement:**

Valldal/Liabygda cup:

I 2017 samarbeidde vi tradisjonelt med Liabygda IL om friidrettscup. Seks cupar totalt; tre i Valldal, tre i Liabygda. Det vart utdelt samanlagt premie for tre cupar totalt. 56 samanlagtpremiar vart delt ut og det er det same som i 2016. Det har vore mellom 50 og 70 på alle cupane i Valldal og det er bra. Det vart ei enkel avslutning med premieutdeling på klubbhuset etter siste cupen i september.

### **Stafettar:**

Dette året var det vår tur å arrangere Norddalstafetten. Sidan det ofte har vore vanskeleg å få mange lag i helgene ville vi i år prøve å arrangere stafetten ein torsdagskveld. Det viste seg å vere suksess med heile 17 lag på startstrekene. Det var to eller fleire lag i alle klassane og Valldal stakk av med fem av seks singlar.

### **Trening og aktivitet:**

Det vart ikkje gjennomført noko organisert trening i 2017. Når det gjeld deltaking utanfor lokalområdet har det vore nokre løp på landeveg, terreng og motbakke med gode resultat.

### **Økonomi:**

Det vart eit overskot på kr. 7.373 i 2017. Det gode resultatet skuldast at vi arrangerte Norddalstafetten og at ei av inntektene frå 2016 ikkje vart ført før i 2017.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2018.

Valldal 7. mars 2018

Friidrettsgruppa Valldal IL, styret

Magne Eivind Glomnes, Børge Heggen Johansen, Jacek Wilczura, Cathrine Berli

# ÅRSMELDING 2017

## VALLDAL IDRETTSLAG- SKI

### 1. Innleiing

Valldal IL skigruppa kan sjå tilbake på ein god skisesong 2017 Vi må seie oss godt fornøgd med deltakinga i lokale renn og arrangement, og nokre deltek også på krets nivå, regionalt og nasjonalt nivå. Det er gledeleg at vi har stor stor breidde og bruk av lysløypa, spesielt gjennom oppslutninga om skikafeen torsdagane i vintersesongen.

### 2. Organisering

#### Styret:

Jan Ole Fuglem – leiar  
Aksel Indeereide – nestleiar  
Geir Arne Myren – kasserar  
Juliette Bechholdt – styremedlem  
Anne Gry Myklebust Vestre – styremedlem  
Per Jomar Nerli – 1. varamedlem  
Hans Martin Gjedrem – 2. varamedlem

#### Undergrupper:

##### Trakkemaskingruppe

*kontaktperson Geir Arne Myren*

Magne Hoel  
Fridjon Døving  
Terje Hoel  
Aksel Indeereide

##### Skikafe/premienemnd

Anne Gry Myklebust Vestre  
Juliette Bechholdt

##### Treningsnemnd (langrenn/skiskyting)

Per Jomar Nerli  
Anne Gry Myklebust Vestre

##### Tilsynsnemnd Lysløype

Magne Hoel  
Kjell Vad  
Terje Nerhus  
Aksel Indereide

##### Sonekontakt

Jan Ole Fuglem

Jan Ole Fuglem

##### Anleggsmnd skiskyting

Jan Ole Fuglem  
Per Jomar Nerli  
Hans Martin Gjedrem  
Anne Gry Myklebust

##### Programbladnemnd

Per Jomar Nerli  
Linda Gjerde Myren  
Harald Vestre

##### Rennavvikling

Jan Ole Fuglem  
Per Jomar Nerli

##### Nettside

Magne Eivind Glomnes

### 3. Økonomi

Hovudtal	2013	2014	2015	2016	2017
Inntekter	302 014	1 214 901	838 428	315 698	270 494
Utgifter	380 878	1 712 652	258 839	309 430	311 153
					-40 659

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank kr 50 651 (31.12.17)

I tillegg har skigruppa verdier i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Skigruppa har pr 31.12.17 gjeld på kr 0.

#### Viktige inntektskilder:

Inntekter på arrangement, programhefte (annonsesal), sponsorar, gåvemidlar

**Dei største utgiftspostane:** Drift av utstyr og anlegg

### 4. Aktivitet

#### Trening

Treningsopplegget har vore ganske likt dei siste åra. Felles treningene starter opp omlag ved skulestart Kvar tysdag og utover hausten og vinteren er det **trening i barmark/ klassisk/ fristil/ skileik** for to-tre grupper frå 1. klasse og oppover.

Torsdagar er det skiskyttartrening på Myklebust, både på barmark og snø. Vi har rundt 30 stk på fellestrening på det meste.

Skisesongen har sidan 2013 starta opp med **miljøsamling** for Valldal IL på Ullsheim skistadion på Markane siste helga i september. Dette er blitt ein kjekk, nyttig og god start på sesongen. Høsten 2017 hadde vi også innetrening i ML huset. Dette var sirkel / basis trening og oppmøte låg jevnt på 20 - 25stk. Høsten 2017 hadde vi også snøsamling sammen med Stordal il på Dombås. Det ble ikke så stor deltaking denne gongen.

Det ble arrangert to treningsdagar. I August i samband med Storfjordlangrennssamloing ble det arrangert treningsdag med to økter for aldersgruppa 10 - 12 år, det var deltakere frå hele Storfjordlangrenn regionen. i desember arrangerte VIL for **treningssamling** for barn og unge i klubbane i sone indre Sunnmøre. Det vart to økter på snø i løypene på Omnos, og matpause på klubbhuset midt på dagen. Eit vellukka opplegg med fornøgde deltakarar frå Liabygda, Stordal, Stranda og Valldal.

#### Skiskyting

Det ble høstten 2017 gjennomført skiskyttarskule med fem deltakere. Det er jamt oppmøte på skiskyttartrening kvar veke, på det meste var vi 13 stk på trening. Fleire har også delteke på skiskyttarrenn. April 2017 var 8 skiskyttarar på reise til Liatoppen skiskytterfestival. En kjempe fin tur for barn og voksne. Stafettlaget til Valldal il J11-12 år gikk inn til en flott 6 plass.

#### Kretslag

Valldal IL har høsten 2017 en løpar på Møre og Romsdal skikrets sitt juniorkretslag, Kornelius Linge Glomnes. Dette laget ser ut til å fungere bra.



## **Storfjordlangrenn**

Valldal IL er medeigar i Storfjordlangrenn.

Høsten 2017 har Valldal il hatt 5 deltakere. Eskil Linge Glomnes, Eline Mathea Myren, Silje Nerli, Elida Fuglem og Laurits Linge Glomnes ( hospitant). I tillegg har trenerteamet bestått av to frå Valldal. Lars Anders Hoel og Hans Martin Gjedrem.

## **Materiell**

Skigruppa disponerer om lag 20 par skøyteski i lengder frå 132 til 170 cm til utlån. Skia er tenkt til aldersgruppa 7-12 år (1.-6. kl). Vi har også fleire par rulleski til utlån. Gruppa eig sju skiskyttarvåpen. Alt utstyret har vore jamt i bruk siste året. Det er også innkjøpt ein del aktivitetsmateriell til bruk på treningane.

## **Arrangement – skirenn**

Valldal IL arrangerte i 2017 **Sparebanken Møre cup i duatlon**. Heile arrangementet var på Omenås. VIL fekk også denne gongen skryt for eit godt arrangement, og vi tek det som ein honnør til det gode arbeidet som blir lagt ned av mange dyktige og erfarne frivillige medhjelparar. Vi nyttar høvet til å sende alle frivillige ein stor takk! **sonerenn** i Valldal. Sonerenna omfattar Stordal, Liabygda, Geiranger og bygdene i Norddal kommune. Deltakarar utanfrå er også velkomne. Rennet vart arrangert som skicross og hadde 75 deltakarar. Mange utfordringar som til dømes baklengsportar, slalom, hopp og labyrint blir lagt inn i løypa. Ei spennande og populær form for skirenn for spesielt dei yngste deltakarane.

**Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen** er eit samarbeid mellom Valldal IL, Liabygda IL og Stordal IL. Om lag 69 deltakarar gjekk minst fire renn og gjorde seg fortent til samanlagtpremie. Premiar frå Telenor blei utdelt ved deltaking i minst to renn og det var det mange som fekk.

**Valldalsmeisterskapen** vart arrangert i fristil skjærtorsdag i løypene på Grønningsæter/Høghjelle, også denne gongen med god deltaking i gjesteklassane. Totalt 115 skiløparar i alle aldrar deltok. Dei klart største klassane i VM er framleis barn under 8 år og herrar senior.

## **Skikafe**

Det var skikafe på klubbhuset kvar torsdag frå nyttår og fram til påske. Skikafe er eit positivt tiltak med svært god oppslutning når skiforholda på Omenås er gode! Det er mange som nyttar denne kvelden til ein skitur og ein prat over kakao- eller kaffikoppen etterpå. Det er eit godt system for arbeidsfordeling, så kafeane går om lag ”av seg sjølv”.

## **Ski i skulen**

Ski i skulen er eit prosjekt for skiopplæring som kom til i samband med arbeidsplanen for 2013. Sparebanken Møre har støtta oss med dette prosjektet kvart år sidan. Elevar ved Valldal skule får tilbod om 1-2 økter med skiinstruksjon. Midlane går hovudsakleg til dekking av skyss.

## **Vintertrim**

Det var som tidlegare år sett ut fire vintertrimpostar; Valldalssætra, Høghaugen på Gjerde, Klovset og lysløypa. Postane stod ute til april, og premiar vart trekt mellom dei som hadde besøkt postane.

## **Marknad**

Sesongen vart avslutta med marknad på samfunnshuset laurdag 11. april. Det var også samanlagtpremiering av deltakarar i Valldal Liabygda-cup og trekt premiar mellom dei som har registrert seg på vintertrimpostane.

## **5. Prestasjonar – resultat**

Valldal IL har dei siste åra vore representert på ulike nivå innan vinteridrett, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Mange små og store løparar stilte til start på landsrenn (=kretsrenn), soneren, i Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen og i VM.

Og nok ein gjeng med birkebeinarar frå Valldal IL drog til Rena i mars 2017.

Ambisjonane er ulike, men alle er nok godt nøgd når dei 54 kilometerane er unnagjort. Fleire medlemmar deltek også på turrenn både regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og det er flott at Valldal IL er representert både her heime og ute i den store verda.

## **6. Avslutning**

Vi håper at mange hadde gode treningsøkter og fine opplevingar i skiløypene sist vinter.

Vi har god breidde av små og store som brukar løypene i vinterhalvåret. Det er flott at så mange er i fysisk aktivitet og finn glede i å gå på ski, og vi håper på snørike vintrar som gir auka rekruttering i åra som kjem!

Vi ser også fleire unge og ivrige løparar som vi håper å sjå meir til i åra som kjem, og vi håper og ønskjer at skisport i Valldal vil stå sterkt også i framtida. Det er plass til fleire, både i lysløypa og på treningane.

**Heilt til slutt vil vi rette ein stor takk til alle som har hjelpt og støtta oss på ulike måtar det siste året. Utan innsatsen dykkar hadde det ikkje gått!**

**Dette gjer at vi framleis har ei sterk og livskraftig skigruppe i Valldal IL som kan gjennomføre små og store arrangement.**

Valldal IL ski, mars 2018

Styret

Jan Ole Fuglem                      Aksel Indeereide                      Juliette Bechtholdt                      Geir Arne Myren  
Anne Gry Myklebust Vestre      1.vara: Per Jomar Nerli                      2. vara: Hans Martin Gjedrem

# ÅRSMELDING 2017

## VALLDAL IDRETTSLAG- TRIM

### Styret 2017

Leder	Ida M. Kristoffersen-Rem	1 år
Nestleder	Andreas Håvoll	1 år
Kasserer	Jørg Barthel	2 år
Skriver/Styremedlem	Maria Dvergsdal	1 år
Styremedlem	Ivar Hoel	2 år

Varamedlem	Lene Heggen Johanssen	1 år
Varamedlem	Elisabeth Golten	1 år

Valgmemnd Odd Lennart Vikene, 1 år og Ida M. Kristoffersen-Rem, 2 år.

Representant til hovedstyret Ida M. Kristoffersen-Rem

### Aktiviteter gjennom året

Sykeltrim 1. mai

Strålende solskinn. Solgte 182 billetter. 105 voksne og 77 bill. Barn. Vinnere av sykler var Magnus Grønmo og Aud Kristoffersen. Opptelte penger billettsalg kr9380,- og kiosksalg kr5055,-. Total netto inntekt kr 14435,-.

### Trimposter 2017

Solgte 27 kort til voksne og 13 kort til barn. Innlevert 19 voksne og 10 barn. Må ha felt for alder på trimkorta, da det er flere barneklasser.

Kuttet ut Åsesætra som post i år og satte inn Steindalsstølen. Kommet ønsker om å få inn Kulehytta igjen.

Flest poeng under 10 år: Jenny Vikene (gavekort XXL kr 500,- )(tot 10 premier barn 6/8 poster, hodelykter), 10-16 år: Laurits Glomnes, (gavekort XXL kr 500,- ) Voksne: Steinar Stakkestad (gavekort XXL kr 500),(uttrekkspremie Einar Hoel og Agnieska Kowalska (gavekort HL Muri kr 200,-).

Jobbet med muligheten for å bruke digitale poster i framtida, men ikke konkludert med noe system enda. (Eks georeg.no). Valgte å bruke tradisjonelle trimkort.

### Nyttårsmarsj 1.januar

1.januar var på mandag i år. Solgte 18 barnebilletter og 27 voksenbilletter. Brutto inntekt kiosk og billettsalg kr 2285, Fruktkurven ble vunnet av Johan Myklebust og gavekort i Klatreparken ble vunnet av Simile Valdal Myeza. Alle barn fikk uttrekksgevinster.

### Dame-/herretrim i Martin Linge huset

Fortsatte med dame- og herretrim i Martin Linge-huset. Tildelt sal 2 og 3 på torsdager mellom kl 19.00 og 21. 00. 8-15 deltakere. Gro Marita Valdal har vært trimgruppas kontaktperson. Godt oppmøte på badminton, men sjelden folk på andre aktiviteter i den andre delen. Til neste år bør styret oppnevne en ansvarlig som følger opp, gjerne deltar, og evt setter opp liste med aktiviteter, eks volleyball partall- og bandy oddetallsuker. Aldersgrense 15år. Oppfordrer alla deltakere til å betale årsmedlemskap til Valldal IL på kr 450 via minidrett.no

## **Arbeidsplan for 2018**

Målet er å holde vedlike de aktivitetene vi har hatt, følge opp dame- og herretrimmen og komme med forslag for markering av VIL sitt 100års jubileum i 2019. Ida M. Kristoffersen-Rem sitter i «jubileumsarbeidsgruppa» som representant for trimgruppa. Samarbeid med Frivillighetsentralen (Björg Kleppe) og «Stikk-ut» (Friluftsrådet for Sunnmøre, Kristi L. Stakkestad lokalt)) om turer, kart, fellesturer og evt markedsføring.

Valldal, mars 2017

Trim Valldal IL, Styret

Leder Ida M. Kristoffersen-Rem